

Høyringsuttale

Innsendt	30.09.2024 16.42.24
ReferanselD	KINN005-1715267
Innleiing	
Innleiing	
Har du/de fått tilsendt høyringssaken i adressert sending frå kommunen?	
<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Saknr KOST-083-24	Namn på høyringssak Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 Kinn

Opplysningar om innsendar	
Innsendar	
Uttalen er	
<input type="checkbox"/> Personleg <input checked="" type="checkbox"/> På vegne av føretak / lag / foreining	
Opplysninger om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer 994706136	
Organisasjonsnavn KVALHEIM GRENDALAG	
Adresse	
Postnr/sted 6710 RAUDEBERG	
E-post kvalheimgrendalag@gmail.com	
Opplysningar om innsendar	
Fødselsdato 20.07.1974	
Fornavn Ørjan	Etternavn Kvalheim
Adresse Kvalheimsvegen 12	
Postnr/sted 6710 RAUDEBERG	
Telefon privat 93618222	jobb

E-postadresse

kirokvalheim@gmail.com

Stilling

Kiropraktor

Uttale

Uttale

Uttale til saka

Kvalheim er ei flott bygd som ligg vestvendt mot havet vel 11 km frå Måløy og med ca. 150 innbyggjarar. Vi har i dag 42 barn i bygda. Kvalheim er ei høgst levandes bygd med mange engasjerte og aktive innbyggjarar. Dugnadsånda og fellesskapstanken står sterkt. Det etablerer seg årleg nye barnefamiliar i bygda. Når det kjem hus eller gårdsbruk for salg omsettes disse raskt. Det er ingen tomme hus i bygda.

Når vi les samfunnssdelen til kommuneplanen kan vi bli litt bekymra for framtida for Kvalheim og dei andre bygdene i Kinn. Vi føler ikkje det blir lagt stor nok vekt på bolyst, trivsel og satsing på HEILE kommunen. Det kjem tydeleg fram at Kinn ønsker å vere attraktiv for tilflytting og etablering av næring, men vi kunne ønske oss at dette gjeld for heile kommunen. Det blir omtala ein "10-minutters region" og det blir omtala "levande og urbane byar". Og det nevnes både fortetting og fokus på sentrum.

Vi må få lov å stille spørsmål om det skjer ei sentralisering og satsing på by på bekostning av bygdene?

I kapittelet under " slik vil vi ha det i 2032" meiner vi det bør leggast til punkter om utviklinga i bygdene og at det skal kunne vere trygt og godt å busette seg både i bygd og by.

Eldre må kunne bli buande heime også på bygda. Og dei unge må kunne etablere seg med hus og heim på bygda. Og kollektivtilbodet må gjelde heile kommunen. Vi må kunne forvente at tjenester og service ytes likeverdig.

Vi ønsker levande, skapande, trygge bygde- og lokal samfunn slik som i by.

Vi noterer at det eit sted i planen står følgande:

"Saman skal vi skape levande og samskapande byar, nabolag og grender i heile Kinn" - og ønsker oss derfor at dette bør gå enda klarare fram av planen.

Mvh Styret i Kvalheim grendalag

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til